

## Eldrerådsmøte, 24. april 2019.

Møtestad: Storstugu på Skjåkheimen.

Dei som var til stades Ola Aandstad, Per Lars Grimstad Lien, Marit Bruheim Kvåle, Heidi Brujordet og Elin Rø Krogstad.

Sakliste.

### **Sak 5/19: Invitasjon til samling for kommunale eldreråd.**

Opplands fylkes eldreråd inviterer til samling, torsdag 9. – fredag 10.mai 2019 på Scandic Lillehammer hotell.

Vedtak: Marit B. Kvåle og Elin R. Krogstad reiser. Ola Aandstad har meldt oss på.

**Sak 6/19: Eldrerådet fekk med seg Friviljugsentralen i Skjåk til å arbeide for at benkar vert sett ut på ulike stader i bygda.** Til no har dei fått midlar til 2 benkar som skal snikkerast av Dei gode hjelparane. Hilde Reitan har klarert tiltaket med teknisk kontor. På sikt vonar Friviljugsentralen at fleire vil sponse midlar til benkar.

Vedtak: Dette til informasjon. (Saka var opp på møtet i Eldrerådet 8/1-19)

### **Sak 7/19: Brev frå Pensjonistforbundet: Er ditt eldreråd engasjert i reforma ”Leve hele livet”**

På kva måte kan Eldrerådet i Skjåk få informasjon om på kor langt Skjåk kommune har kome i gjennomføringa av reforma?

Vedtak: Eldrerådet tek sjølvkritikk på at dei takka nei til kommunal sekretærhjelp. I ettertid ser vi at vi kunne fått betre og meir informasjon om kva saker som kunne vore viktig å ta stilling til.

### **Sak 8/-19: Brev frå Pensjonistforbundet som også er stila til Kommunal – og moderniseringsdepartementet.**

Elin refererte litt frå brevet:

- Lov om kommunal og fylkeskommunale eldreråd, 1978. I 2017 vart lova erstatta med ein paragraf. Ein forskrift kan opne for ei raskare endring i eldrerådas arbeidsvilkår og rettar.

- Pensjonistorganisasjonar har rett til å foreslå medlem til eldreråda.

Sitat: ”Pensjonistforbundet mener forslagsretten til medlemmer av eldrerådene fortsatt bør forbeholdes pensjonistorganisasjoner, dvs organisasjoner som har som hovudmål å arbeide for eldres rettigheter og levekår, samt har et flertall av medlemmene som eldre. Om dette ikkje kan presiseres i forskriften, bør det fremgå av veilederen.”

- Tidleg involvering og sekretærhjelp
- Rett til opplæring saman og på same tid med opplæring av politikarar og administrasjon.
-

**Sak 9/-19: Argument til høyringssvar om forskrift til kommunelova § 5-12 ("Eldrerådslova").**

Pensjonistforbundet leverte sitt høyringssvar 22.febr. 2019.

Elin refererte høyringssvara.

- Like (nasjonale) rettar er betre enn lokalt handlingsrom
- Fleirtalet av medlemma i eldrerådet bør ha fylt 65 år.
- Forslagsretten til kven som skal sitje i det nye rådet bør berre gjelde reine pensjonistorganisasjonar
- Tilstrekkeleg sekretærhjelp må talfestas.
- Rett til opplæring må framgå av forskrifta.

**Sak 10/-19: Ymse**

- Ola refererte litt frå møtet i norddalen 13.nov. 2018.
- Eldrerådet vil oppmoda kommunen til å leggje litt press på Helseetaten i Lom og Skjåk til å samarbeide om eit røntgenapparat. På sikt må det lønne seg både samfunnsøkonomisk og spare mange for lange og slitsame reiser.

Skjåk 24.april 2019.

Elin Rø Krogstad (skrivar)